

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 12.03.2019

### Orienteringar:

- Korleis oppfølging av skulevalet til hausten er planlagt frå Hordaland fylkeskommune si side. Ved Berit Nyland, seniorrådgjevar opplæringsavdelinga.
- Om korleis tilbodet til elevar frå Hordaland som går i Rogaland vert organisert innanfor OT/PPT. Ved Annbjørg Laupsa, seksjonsleiar, opplæringsavdelinga.
- Årsresultat 2018 og budsjett 2019. Ved Birte Andersen Haugen, seksjonsleiar opplæringsavdelinga.
- Skuleskyss for elevar frå Indre Masfjorden. Ved Birte Andersen Haugen, seksjonsleiar opplæringsavdelinga.
- Søkjertala til Vgs 2019. Ved Birte Andersen Haugen, seksjonsleiar opplæringsavdelinga.

**Arild Borgen (R)** etterlyste svar på når saka om spesialundervisning kjem.

**Arild Borgen (R)** sette fram følgjande forslag:

Utval for opplæring og helse støtter elevenes engasjement og mener derfor at elevene ikkje skal få fravær for dette. (Hvis elevene har fått eller ville fått fravær for dette.)

### Røysting

Borgen sitt forslag fekk 2 røyster ( R og SV) og falt.

**John Helge Gullaksen (H)** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til utval for miljø og samferdsel:

«Vedkommande skuleskyss til elevar i Masfjorden:

I periodar fram til 29. april 2019 når det kommer ny skuleskyss for elevar frå Masfjorden, foreslår vi at det vert leid inn ein minibuss for desse elevane med avgang kl. 16.00 frå Knarvik, og frå Masfjorden torsdag morgon.»

### Røysting:

Gullaksen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Dan S. Femoen (H)** etterlyste svar i sak PS 102/18 Ymse, den 27.11.2019, oversendingsforslag til Kontrollutvalet.

**Dan S. Femoen (H)** etterlyste svar i sak PS 5/19 Ymse, den 05.02.2019:

«Ber om ein orienteringssak ad ein eventuell flytting av voksenopplæringstilbodet frå Hjeltnes til Voss til neste møte i utval for opplæring og helse.»

**Emil Gadolin (A)** sette fram følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Karrieresenter Bergen er i dag lokalisert på fylkesbygget i Bergen sentrum. Karrieresenteret tilbyr gratis karriereveileiing og er ei viktig satsing for fylkeskommunen. Karrieresenter Bergen har eit stort geografisk nedslagsfelt og er eit av tre karrieresentre i fylket. Som kjent er det planlagt ein midlertidig flytting av fylkesbygget til Sandsli som følge av omfattande ombygging og rehabilitering av dagens bygg i Agnes Mowinckelsgate. Karrieresenteret er eit forholdsvis nytt tilbod til innbyggjarane i Hordaland, og ein kan dermed argumentere for at det er særskild viktig at det vert opplevd som tilgjengeleg for publikum. Det kan potensielt også regnes eit meir utadretta tenestetilbod enn andre funksjoner som i dag held til på fylkesbygget. Kva er fylkesrådmannens planer for lokalisering av Karrieresenter Bergen under og etter rehabiliteringsfasen?»

### Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### Emil Gadolin (A) sette fram følgjande forslag:

«Viser til sak på nrk.no datert 11. mars 2019 der Trygg Trafikk påstår at elevar som nyttar seg av skoleskyss ikkje får sitteplass. Trygg Trafikk meiner at fylkeskommunane må stille strengare krav til transportselskapa. Utvalet ønsker en orientering frå Skyss om temaet under førstkommande utvalsmøte.»

### Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.